



Det må søkast om endringsløyve for dette prosjektet.

Sagvåg Invest/Uskedalen Eiendomsutvikling må gå ein ekstra runde før dei kan setja i gang byggjearbeid på Eikelandet. Dei må søkja om endringsløyve.

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland bekreftar at han har motteke søknaden om igangsettjingsløyve for bustadprosjektet.

Men ved gjennomgang av dokumentasjonen finn han at det er utarbeidd nye teikningar medan teikningane frå 2006 ligg til grunn for rammeløyvet som vart gjeve året etter.

Bygningane har same form som før, men rådmannen finn at endringane er så vesentlege at dei må søkja om endringsløyve og nabovarsle desse.

Dermed blir igangsettjingsløyvet stilt i ro til endringssøknaden er funne i orden.

Av Ola Matti Mathisen